
Saksnr: 2020/47165-3
Saksbehandlar: Sølve Dag Sundbø

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring		25.05.2021

Plaststrategi - status tiltak Innovasjon og næringsutvikling

Forslag til vedtak

1. Hovudutval næring tar til vitande status for tiltaka knytt til plaststrategien på ansvarsområdet til innovasjon og næring.

Samandrag

Den viktigaste oppfølging av tiltaka i plaststrategien som Avdeling for Innovasjon og Næring har ansvar er utlysinga av midlar øyremerka sirkulærøkonomi for å skape verdikjeder knytt til resirkulering av plast. Denne øyremerka potten er viktig og ein konkret oppfølging av plaststrategien.

At NOSCA Clean Oceans tatt opp i Innovasjon Norge sitt Arena-program og andre initiativ i næringslivet vårt gir optimisme for moglegheiter for utvikling av verdikjedar knytt til innsamling, gjenbruk, bioplast og resirkulering av plast i Vestland. Det er eit stort potensial og sirkulærøkonomi for plast er framleis i tidleg fase.

Sølve Sundbø
seksjonssjef

Bård Sandal
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

[Plaststrategien](#) er utarbeidd etter oppdrag frå Fylkestinget i Hordaland juni 2018. Arbeidet vart organisert som eit prosjekt, og det er avdeling for innovasjon og næring som har hatt ansvar for å utarbeide strategien.

Strategien er i hovudsak for organisasjonen Vestland fylkeskommune. Han vart vedteken i fylkestinget 09.06.2020 med visjonen «Vestland skal ha null tilførsel av plast til naturen, ein plastfri natur og eit plastfritt hav». Målsetjinga er at fylkeskommunen skal hindre at plastavfall kjem på avvege, og redusera bruken av plast i eigen organisasjon. I tillegg til seks hovudmål og 11 delmål som til dels er detaljerte, har strategien ei rekke tiltak med både internt og eksternt fokus¹.

Avdelingane i fylkeskommunen vil ha ulike tilnærmingar til bruk av plast, og operasjonaliseringa av strategien ligg difor primært der. Kvar avdeling må vurdere korleis strategien best vert implementert i eigne arbeidsoppgåver og budsjett. Dette gjeld også å vurdere behovet for samordning på tvers og kanskje spesielt når det gjeld innkjøp. Mange avdelingar opplever at dei allereie følgjer opp fleire av punkta som står i strategien under «Tiltak og handlingsplan». Overskriftene i handlingsplanen går nokre gonger på tvers av sektorar, andre viser til avdelingar eller til seksjonar i fylkeskommunen. Avdeling for Strategisk utvikling og digitalisering - seksjon plan, klima og folkehelse har ansvar for å sikre at strategien blir følgt opp.

Handsaminga i hovudutvala skal inngå i ei sak om oppfølging av plaststrategien til Fylkesutvalet i juni 2021. Det er sett av kr 1 mill. i budsjettet til oppfølging av plaststrategien. Disponeringa av desse midla skal vedtakast av Fylkesutvalet. Det er foreslått å kartlegge kvar det er mykje bruk av plast og kvar plastavfallet oppstår i Vestland fylkeskommune si verksemd. Deretter vil ein foreslå kva indikatorar som kan nyttast for å rapportere måloppnåing, og målrette innsatsen for å minimere bruk og redusere plast på avvege ytterlegare.

Liste over tiltaka i [Plaststrategien](#) Avdeling for Innovasjon og Næring har ansvar for status for disse tiltaka:

Tiltak nr	Tiltak	Avd	Status pr 1. mai 2021
35	Implementere plaststrategi i avfallsplan for mottak og handtering av eigarlaust marint avfall i alle hamnar, fiskerihamner spesielt.	INN	Fylkeskommunen har ingen formell rolle eller ansvar. Støtteordninga INN har for utvikle sirkulære verdikjeder kan vere eit aktuelt tiltak. Bergen og Omland havnevesen er medlem av Klimapartnere. Systemet med Environmental Port Index brukast av stadig fleire hamner og stimulerer også til riktig avfallsbehandling
49	Leggje til rette for verkemiddelapparatet kan stimulere næringsliv og offentleg sektor til å finne løysningar til plast utfordringa på ein langsiktig og berekraftig måte.	INN	Utlyst 2 millionar i utviklingsmidlar med frist 15. april potten for Grøn konkurransekraft og klimainnovasjon øyremerka sirkulærøkonomi for å skape verdikjeder knytt til resirkulering av plast. VLFK ga dessutan i 2020 HNV-midlar til eit prosjekt for gjenvinning av industriplast i Nordhordland. Fylkeskommunen ga økonomisk skrivehjelp til NOSCA og faglege råd i forkant av at NOSCA Clean Ocean ble tatt opp i Innovasjon Norge sitt Arena-program.

			Administrasjonen har hatt møte med Clean Ocean om plaststrategien til VLFK.
50	Arbeide for å etablere produsentansvarsordningar for å standardisera typar plast og auka gjenvinningsgraden	INN	Så langt ingen aktivitet. Fylkeskommunen på låg påverknad og få verkemiddel for å få til dette. Direktøren vil vurdere å arbeide fram eit resolusjonsframlegg i 2022 for Nordsjø-kommisjonen som innspel til EU-kommisjonen.
51	Støtte opp under og leggje til rette for alternativ for plast og stimulere til innovasjon, forskning og utvikling.	INN	Utlyst 2 millionar i utviklingsmidlar (HNV-midlar) med frist 15. april 2021 frå posten for Grøn konkurransekraft og klimainnovasjon øyremerka sirkulærøkonomi for å skape verdikjeder knytt til resirkulering av plast. Også RFF-midlar kan vere aktuelle. Fylkeskommunen ga økonomisk skrivehjelp til NOSCA og faglege råd i forkant av at klyngen NOSCA Clean Ocean ble tatt opp i Innovasjon Norge sitt Arena-program. Administrasjonen har hatt møte med Clean Ocean om plaststrategien til VLFK.
52	Fylkeskommunen skal bidra til utvikling av ny teknologi og fleire arbeidsplassar knytt til rydding av plast.	INN	Utlyst 2 millionar i utviklingsmidlar (HNV-midlar) med frist 15. april 2021 frå posten for Grøn konkurransekraft og klimainnovasjon øyremerka sirkulærøkonomi for å skape verdikjeder knytt til resirkulering av plast. Også RFF-midlar kan vere aktuelle.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for næring mottar rapport for tiltaka i plaststrategien som er plassert i Avdeling for Innovasjon og Næringsutvikling. Saman med tilsvarande saker i andre avdelingar gir dette grunnlag for samlesak til FUV.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Satt av to millionar i budsjettet for 2021 til april potten for Grøn konkurransekraft og klimainnovasjon øyremerka sirkulærøkonomi for å skape verdikjeder knytt til resirkulering av plast. Satsinga i åra framover vil krevje midlar i kommande budsjett og økonomiplan.

Klima:

Olje er det vanlege råstoffet for plast. Redusert plastforbruk og gjenvinning av plast reduserer behov for oljeprodukt. Mye plast brennes med restavfall og redusert plastforbruk bidrar derfor til redusert utslepp av klimagasser.

Folkehelse:

Mindre plast i naturen gir auka trivsel og mindre mikroplast i næringskjedene.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Gjennomføring av Vestland fylkeskommune sin plaststrategi støtter opp under FN sine berekraftsmål og mål og strategi i Utviklingsplanen.

Konklusjon

Den viktigaste oppfølging av tiltaka i plaststrategien som avdeling for Innovasjon og næring har ansvar er utlysinga av midlar øyremerka sirkulærøkonomi for å skape verdikjeder knytt til resirkulering av plast. Denne øyremerka potten er viktig og ein konkret oppfølging av plaststrategien.

At vi i tillegg har fått NOSCA Clean Oceans tatt opp i Innovasjon Norge sitt Arena-program og andre initiativ i næringslivet gir optimisme for moglegheiter for utvikling av verdikjedar knytt til innsamling, gjenbruk, bioplast og resirkulering av plast i Vestland. Det er eit stort potensial og sirkulærøkonomi for plast er framleis i tidleg fase.

Fylkesdirektøren rår til at Hovedutval Næring tar statusoversikten til vitande.